

Kultur- og informasjonsavdelinga

1. HOVUDTAL DRIFT

	R 2012	B 2012	R 2011
- i heile 1.000 kr			
UTGIFTER			
10	Løn		7665
12	Kjøp varer og tenester		1779
13	Kjøp av tenester		1
14	Tilskot - tilleggslyvv.		2316
15	Finansieringsutgifter/ Avsetningar		187
INNTEKTER			
16	Sals- og leigeinntekter Brukarbetaling		-872
17	Refusjonar og tilskot		-2343
18	Overføringar		0
19	Finansieringsinntekter/ Bruk av avsetningar		0
	NETTO UTGIFT		8643

2. MERKNADER TIL DRIFTSRESULTAT ØKONOMI

Rekneskapen viser balanse og god budsjett disiplin. Meirutgiftene til løn er hovudsakleg lærarløn til skulekorpsprosjektet. I meirforbruket til kjøp av varer og tenester ligg m.a. instrument til skulekorpset, DKS- og DKSS-arrangement som blir finansierte gjennom statstilskot og utgifter til ergonomisk tilrettelegging av arbeidsplassar. Overforbruket på tilskot/tilleggslyvingar skuldast statlege overføringar til idrettsanlegg-prosjekt i Gol

3. STILLINGAR LIKESTILLING/INTEGRERING

Kultur- og informasjonsavdelinga har 26 fast tilsette fordelt på ca. 14 årsverk. I tillegg har avdelinga hatt mellombels tilsette samt kjøpt tenester frå nabokommunar. Dette gjeld særleg kulturskulen. Kulturskulen sel også tenester til andre kommunar. Biblioteket sel tenester til Gol vidaregåande skule og Gol ungdomskule (1,33 årsverk av totalt 3,2).

Avdelinga har 17 kvinnelege tilsette og 9 mannlege tilsette (65% kvinner og 35% menn). 3 tilsette kjem frå andre nasjonar.

4. SJUKEFRÅVERE/ARBEIDSMILJØ

Det totale fråveret i avdelinga i 2012 var 8,65%.

5. MÅL, OPPGÅVER OG AKTIVITETAR 2012

Planlagte oppgåver og aktivitetar i 2012 (jf. årsmelding 2011)

Oppgåver	Resultat
Starte arbeidet med kulturminneplan	Ikkje starta
Revidere «Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Gol kommune»	Gjennomført. Blir politisk behandla i 2013
Legge nytt dekke på Hallingmo kunstgrasbane	Gjennomført
Gjera biletmaterialet i Gol bygdearkiv tilgjengeleg på DigitaltMuseum	Gjennomført
Utvide opningstida for offentlig bading	Utvida med laurdags-ope okt-april
Vurdere fast kino på Gol samfunnshus	Ikkje gjennomført
Arrangere minst 4 opne kulturarrangement	
Skifte biblioteksystem	Under arbeid
Vidareutvikle nettsidene for biblioteket	Gjennomført
Vurdere å ta i bruk digitale og sosiale media i bibliotek	Biblioteket er på Facebook. Ventar på nasjonale avklaringar rundt e-bøker.
Styrke bibliotektenester retta mot vaksne som tek utdanning	Regionalt tiltak. Under arbeid.
Vurdere om drift av Hallingmo kan overførast til Gol IL	Ikkje gjennomført
Utvikle øvings- og kulturarena på Klubb1	Under arbeid
Markere kulturskuleveka med skuleturne	Gjennomført
Vidareføre Talentutviklingsprogrammet i kulturskulen	Vidareført
Utvikle JuniJazz-konseptet i kulturskule	Gjennomført
Utvikle UngLYD-prosjektet	
Kunstleik i SFO	Gjennomført
Integreringsprosjekt	Påbegynt
Nye tilbod i kulturskulen: animasjon og sceneteknikk	
Tilbod om korpsopplæring	Gjennomført
Barnas Verdensdager	Gjennomført
Nytt intranett i kommunen	Ikkje fullført
Betre kommunen nettsider slik at dei får 6 stjerne i Difi si kvalitetsvurdering av off. nettsider	Gol fekk 5 stjerner av 6 moglege
Delta i pilotprosjektet: Førstelinerettshjelp	Prosjektet blei avslutta des. 2012

Arrangere innflyttartreff	Ikkje gjennomført
---------------------------	-------------------

5.1 Gol bibliotek

Gol bibliotek

	2012	2011
Mediabestand	37 925	38 347
• Bøker, tidsskrift, aviser	31 035	31 475
• Film, lydbøker, musikk o.a.	6 890	6 872
Utlån	38 665	38 501
• Barn	11 527	11 951
• Vaksne	23 634	22 747
• Institusjon, bibliotek o.a.	3 504	3 803
Lånarar (aktive siste år)	1 475	1 432
Besøk (inkl. skulane)	43 555	49 329
Arrangement		
• Barnas verdensdager – Celio i regnskogen		
• Regional bokmesse		
• Nordisk bibliotekveke – Thorbjørn Egner		
• SeniorSurf		
• Astroshow – Knut-Jørgen Rød Ødegaard m.fl.		
• Hulda Garborg - Arnhild Skre		
• Sommarbokaksjon		
• Lesestund - barnehagar		

Kommentarar

Utlånsrekord! Fokus på lesing som grunnleggjande ferdigheit i samfunnet har ført til auka lån av bøker til både vaksne og barn. Nedgang i utlån av filmar. Arbeidet med endringar i samlinga er vidareført og må fortsette, m.a. på grunn av plassmangel. Biblioteket har hatt fleire arrangement enn før.

Økonomi

Innsparing - vakant stillingsressurs jan.-april 20% stilling. Har frå tidlegare innsparing vakant 33,33% stilling.

Tidleg innsats med lesestimulering for barn og oppfølging av barnehagar og barneskular er det lite ressursar til. Auka opningstider er også eit behov, samt meir tid til arrangement og formidling. Større personalressurs er difor sterkt ønskjeleg.

5.2 Kulturvern

Museum

	2012	2011
Tilskot Hallingdal museum	155 000	140 000
Publikumsbesøk Gol bygdemuseum	397	150

Gards- og ættesoga

	2012	2011
Salsinntekter	Kr. 19 085	Kr. 11 725

Salsinntektene er ikkje avsett på fond som tidlegare år, men er brukt til å saldere budsjettet.

Gol bygdearkiv

Hovudarbeidsoppgåva er å digitalisere gamle bilete. Av dei ca. 12 000 bileta som er registrert i arkivet er ca. 4.000 gjort tilgjengelege via DigitaltMuseum. Det blir også arbeidd systematisk med registrering av dokumentarkivet, som vesentleg er lagsarkivet til forskjellige organisasjonar. Medlemmer av Gol historielag arbeider frivillig i arkivet.

5.3 Kulturformidling

Kulturpris og kulturstipend.

- Kulturprisen 2012 gikk til Arne Gjengedal Hesla
- Kultur- og idrettsstipend for ungdom gikk til Sigbjørn Eide og Kathrine Bjørkedokken.

Kino

	2012	2011
Framsyningar	32	37
Besøk	1853	2133
Besøk pr. framsyning	58	58

Kinodrift i Gol er eit samarbeid med Bygdekinoen, som nå køyrer digital kino. Dei køyrer 2 filmframsyningar ca. kvar. 3. veke.

[Gjennomført Den Store Skolekinodagen i februar 2012](#)

[Gjennomført Senior kino](#)

[Gjennomført kino for barnehagene](#)

Galleri Gol

Utstilling	Arrangør
Karin Stang/Gro Kollandsrud	Gol Kunstfor.
Jorunn M. Syversen	Gol Kunstfor.
Turid Bergersen	Kunstnaren
Anne-Kari Eriksen	Kunstnaren
Ruth Ellingsgard	Gol Kunstfor.
Dina Kolås	Fårefestivalen
Hallingdal Husflid	Hall. Husflid
Juleutstilling	Gol Kunstfor.

Den kulturelle skulesekken (DKS)

Buskerud fylkeskommune har ansvar for abonnementsordninga medan det er sett ned ei arbeidsgruppe som tek seg av det lokale DKS-arbeidet. Det lokale arbeidet har som mål å formidle kunst og kulturopplevingar i skule og barnehage. Kulturkonsulenten er kommunekontakt og koordinator for samarbeidet. I 2012 starta arbeidet med å rullere den lokale DKS-planen 2013 – 2016

Arrangement skuleåret 2011/ 2012	
Musikk	4
Scenekunst	5
Utstillingar	2
Litteratur	3
Film	0

Prosjektretta tiltak:

- ”Frå idé til framsyning” – produksjon av sceneframsyning - 7. årstrinn
- Teatertur til Oslo – 9. årstrinn
- Oppsetjing av revy – 8. – 10. årstrinn
- Brasiliansk tradisjon, opplegg for 2 og 3-åringane med instrumenter og dans. Artistar som også vart brukt på Barnas verdensdager.

Gol kommune fekk tildelt kr. 62.549 av spele-midlane til DKS for skuleåret 2011/2012.

Den kulturelle spaserstokken (DKSS)

Fem arrangement er avvikla i Den kulturelle spaserstokken (DKSS):

Framsyning	Framsyningsstad
Kabaret: ”Johansen lufter genser`n”	Gol helsetun og Frivilligsentralen
Forteljarstund	Gol bibliotek
Heilafeten for eldre, festmålid og underhaldning	Gol samfunnshus
Seniorkino	Gol samfunnshus
Erik Bye - forestilling og konsert «Royal Flush hotel», med vaksne frå Gol kulturskule	Vonheim og Gol helsetun

Gol kommune fekk tildelt kr.30 000 i tilskot frå Kulturdepartementet til DKSS

Andre arrangement

- ”Bjellesang” kormønstring under Fårefestivalen
- Kort teaterframsyning for born i samband med julegateopning (samarbeid med Gordarike).

5.4 Gol kulturskule

Nøkkeltal

	2012	2011
Elevplassar	196	169
• Individuell opplæring	• 93	• 88
• Gruppeundervisning	• 103	• 81
Kjøp av lærartimar frå andre	25% stilling (dans.)	
Sal av lærartimar til andre	80% stilling + prosjekt/oppdrag	

	på timebasis
Arrangement	
• Huskonsertar	
• Opptreden kommunestyret	
• Forestillingen «FAME» 17. og 18. mars	
• Kulturskuleveka 8. – 14. mai	
• Barnas verdensdager 9. juni	
• JuniJazz 16. – 18. juni	
• Turné, gitarorkester 8. – 9. september	
• UngLYD – Bluegrass 16. oktober	
• Idrettens dag 21. oktober	
• Forestillingen «Knut og fjompenisen» 1. desember	
• Adventskonsert 12. desember	

Skulekorps

Kulturskulen sette i gang korpstilbod for elevar frå 5. klasse og oppover. Musikantane får gruppeundervisning på instrumentet og tid i orkester. Kulturskulen driv korpsprosjekt på 4. trinn i samarbeid med skulene.

Kommentarar

- Kulturskulen samarbeider med andre kulturskular, barnehagar, skular og lag/foreningar i Hallingdal om kjøp og sal av lærarkrefter. Etterspørsel, moglegheiter og behov for kjøp og sal av tenester vil variere frå semester til semester, og dette kan bl.a. få konsekvensar for rekneskapen til kulturskulen og tilbodet til elevane
- Enkelte lærarar ved kulturskulen har hatt ein utøvande del i stillinga si. Lag/organisasjoner og bedrifter har brukt tilbodet, og dette gir inntekter.
- Studioarbeid og sal av lærarar til ulike prosjekt har også gitt inntekter.

5.5 Lag/organisasjonar

Ressursbruken til lag og organisasjonar fordeler seg slik:

Aktivitet	2012	2011
Song og musikk	117 500	84 500
Idrett og friluftsliv	672 900	723 030
Barn og ungdom	110 800	83 000
Teater og dans	44 000	44 000
Andre organisasjonar	92 000	119 500

I tilskot til idrett og friluftsliv inngår ikkje betaling av husleige til treningstid for barn/unge og driftstilskot til HFK for baneleige.

5.6 Tiltak barn/ungdom

Klubb 1

Besøktal	
Totalt:	3650 (3415)
• Jenter	(1580)
• Gutar	(1835)
Gjennomsnitt pr. klubbkveld	(45) 48
Talet på klubbkveldar	76 (76)

Ungdommane driv og pussar opp klubben. Det er investert i laserlys og starta oppgradering av scene. Dette arbeidet fortset i 2013
Hallingdal Krets av Ungdom og fritid er oppretta og i drift. Dei ynskjer å koordinera ulike arrangement for ungdom i Hallingdal.

Arrangement

- UKM camp på Ål Kulturhus
- Samarbeid med Flå, Nes, Hemsedal og Ål
- «Overnattingsdøgn» på Klubb1
- Aktivitetskveldar m/spesielle tema
- Besøk på Experten disko i Hemsedal.
- Hallingdisko på Gol Samfunnshus
- ”Skummelt oppdrag” i samarb. m/Ål
- Foreldremøte om rus og tiltak mot rus

Gol musikkverkstad

To band har øvd fast på musikkverkstaden i fyrste halvår. Ingen band har øvd andre halvår. Musikkverkstaden blir også brukt som øvingsrom for kulturskulen.

Gol ungdomsråd

Rådet har hatt 8 møte og behandla 56 saker:

- Kontakt og besøk til Bracebridge sumaren 2013
- Oppstart av ungdomscafe for gruppa 16 til 18 år
- Hatt to utsendingar til Barne og ungdomskonferansen i Tromsø
- To utsendingar til stiftingshelg for Ungdommens fylkesting i Drammen
- Fast to medlemmer i Hallingdal Ungdomsråd
- Tilskot til ungdomstiltak: totalt kr. 20 000
- Møte med kommunestyret
- Trafikktryggleik Hallingdal. Film-to frå GUR
- Torpomoenkonferansen
- Nettverkssamling for dei som arbeidar med ungdomsråd i Drammen (Fritidsleiar)

MOT

Fritidsleiar er sekretær for Gol ungdomsråd og er koordinator for MOT-prosjektet i Gol.
-MOT samling på Flå med seks ungdommar frå Ungdom med MOT.
-MOT 15 års jubileum på Oslofjord Convention Center ved Stokke.

5.7 Park/idrett/friluftsliv

Offentleg bading

Besøk	2012	2011
Barn/ungdom	1 613	1503
Vaksne	2 211	1861
Totalt	3 824	3364
Opningsdagar	101	77
Gj.snitt pr. opningsdag	37,9	43,7

Besøket har auka med 14%. Gjennomsnittleg besøk laurdagar har vore 27 besøkande.

Spelemidlar

Ingen prosjekt i Gol fekk tilsagn om spelemidlar i 2012:

Prosjekt som har fått tilsagn om tilskot frå spelemidlane tidlegare fekk totalt utbetalt kr. 180.000 i 2012.

Tilskot til idrett- og til friluftslivanlegg.

Kommunens investeringstilskot til idrettsanlegg eigd av lag og organisasjonar blei tildelt Hallingdal flyklubb med kr. 50 000 til modellflybane.

5.8 Informasjon og servicetorg

Nøkkeltal

	2012	2011
Besvarte telefonar (over 90% av alle innkomande telefonar blir besvart)	18 907	22 344
Nettsidene:		
- Unike besøkande	53 611	38 205
- Sidevisningar	479 596	435 492
Bustønad	162 (122) søknader.	138 (117) innvilga
Transporttenesta for funksjonshemma (TT)	80 søknader	74 kvoter utdelt
Parkeringsløyve for funksjonshemma	6 løyver ut delt	
Ledsagerbevis	3 søknader innvilga	
Eigedomsoppgåver	61 oppgåver behandla	
Velkomstmappe til innflyttarar	Utsendt til 162 husstandar	
ENØK	80 søknader	
Førstelinereettshjelp	68 brukarar	

Kommentarar

I tillegg til oppgåvene ovanfor utfører servicetorget m.a. desse tenestene:

- Generell informasjon om kommunens tenester
- Oppfølging og ajourhald av nettsidene
- Informasjon om og utlevering av planar, kart, nabolister m.m.

- Utleige av samfunnshus og idrettsanlegg, inkl. oppfølging av terminlister og inngåing av leigeavtaler
- Fakturering av husleige i kommunale bygg og bustader, parkeringsplassar og fellesutgifter, inkl. indeksregulering og utsending av informasjon
-
- Fordeling av elektronisk faktura
- Adm. av timelister støttekontaktar
- Sal av bøker, kart o.a., inkl. fakturering
- Utbetaling av skogfondmidlar/arkivering
- Eigenfråsegn om konsesjon
- Ansvarleg for telefonisystemet, inkl. bestilling av mobiltelefon
- Førstelinerettshjelp: pilotprosjekt i regi av Justisdepartementet med tilbod om gratis advokathjelp i kommunane.

6. DELTAKING I REGIONALT SAMARBEID

Fagleg forum

- Kulturansvarlege
- Biblioteksjefar
- Kulturskulerektorar
- Nettansvarlege
- Servicetorgleiarar
- Telefoniansvarlege
- MOT-koordinatorar

Fellesarrangement

- Ungdommens kulturmønstring
- Bokmesse
- ”Skummelt oppdrag (Gol/Hemsedal)

Bibliotekfagleg samarbeid

- Felles kurs, fagleg opplæring og rettleiing
- Utlån mellom kommunane
- Koordinering av IT-løysingane
- Koordinering av innkjøp
- Prosjekt og bibliotekutvikling
- Arrangement

Konsolidert museumsverksemd

Nettsider

- Samarbeid om kommunale nettsider og intranett

Lærarar i kulturskulen

- Kjøp og sal av lærarar mellom kommunane

7. PLANLAGTE OPPGÅVER 2013 INNAFOR VEDTEKE BUDSJETT

Innafor vedteke budsjett for 2012 har avdelinga som målsetjing å gjennomføre m.a. desse tiltaka:

- Starte arbeidet med kulturminneplan
- Vurdere fast kino på Gol samfunnshus
- Arrangere minst fire opne kulturarrangement
- Skifte biblioteksystem
- Forprosjekt Hallingmo – utvikling av kombinasjonsbiblioteket med nye skular
- Vurdere å ta i bruk digitale og sosiale media i biblioteket
- Styrke bibliotektenester retta mot vaksne som tek utdanning
- Oppstart av Ung Arena i samarbeid med Kulturkoordinatoren i Hallingdal.
- Fortsette og utvikle ein øvings- og kulturarena på Klubb1. Søke ekstern støtte til å bygge opp ei klubbscene
- Vurdere om drift av Hallingmo kan overførast til Gol IL
- Markere kulturskuleveka med skuleturne
- Utvikle JuniJazz-konseptet i kulturskulen
- Utvikle UngLYD-prosjektet
- Integreringsprosjekt
- Oppsetting av musikal
- Vidareføre Talentutviklingsprogrammet i kulturskulen
- Utvikle nye tilbod i kulturskulen.
- Gi tilbod om korpsopplæring i kulturskulen
- Gjennomføre Barnas Verdensdager
- Innføre nytt intranett i kommunen
- Forbetre kommunens nettsider slik at dei får 6 stjerner i Difi si kvalitetsvurdering av off. nettsider.

